

ANMELDELSE

Kristin Ørjasæter femner mykje i boka *Barne- og ungdomslitteratur. Møtet med lesaren*. Men med klår inndeling, gode utval og konsise formuleringar blir boka beint fram lett å lesa.

ANMELDELSE / Marianne Lystrup

Alt vi ikkje visste om barnebøker



Kristin Ørjasæter
Barne- og ungdoms-
litteratur. Møtet med
lesaren
Sakprosa
Samlaget

Ørjasæter auser av sitt gode overblikk.

Som direktør for Norsk barnebokinstitutt har Kristin Ørjasæter undervist om barne- og ungdomslitteratur i fleire år, både der og andre stader. Ho veit kva for spørsmål folk stiller seg: Kva er litteratur for små barn? Kva er skildnaden på litteratur for voksne og ungdom? Kva er godt, og kvifor? No auser ho av sitt gode overblikk til gleda for alle interessaerte.

Barnelitteratur er eit nokså ungt fenomen. Jamvel om den finst røter heilt attende til 1700-talet, var det ikkje før på 1900-talet – og då heist mot siste halvdelan – at han verkeleg blei fridig som eigen sjanger. Og forskinga på føteit er endå yngre. Likefullt er det svært interessant at Ørjasæter ser heilt attende til dei tildelege doma på litteratur for barn, og synes oss korleis dei var farga av rádande ideologiar. Som til dømes korleis barnelitteraturen på 1700-talet skulle demonstrere ideane om autonomi og humanisme slik at barna kunne urvikle seg til ansvarlege borgarar.

Revolutionen av sinnet. Ho fortel om Jena-romantikken som ønskete seg ein litteratur som revolusjonerte menneskestinet slik at ideane om humanisme, autonomi og universalisme skulle få ordentleg gjennomslag og verkeleg prege samfunnet. Det var ikkje nagið med krafta i den franske revolusjonen. Hvar det turvande med revolusjon av sjølvé sinnet!

Tankevekkande er det òg å lesa om den franske filosofen Rousseau sine teoriar om at det var skadeg for barn (les: guitar) for jenter var det sjølvsagt ikkje aktuelt i dat helle tan) å lese bøker. Han var oppteken av at dei måtte sansne verda sjølve og slik lære dei det skulle, ikkje berre tillegna seg bokstavar.

Dette står i stor kontrast til det som er rádande tankegang i dag, då bøker er nært knytte til leiken, noko Ørjasæter kjem attende til fleire stader i boka si. På fagspråket snakkar dei om «det performativte barneperspektivet», som ho har via eit eige kapittel. Det handlar om korleis lesaren blir involvert i handlinga og både ser på hovudpersonen og ser gjennom denne. Såleis blir lesaropplevinga ein flytande overgang til eigen leik.

Autonome born. Gjennom den djupe forankringa i historie set Ørjasæter oss i stand til betre å forstå framvoksteren av forfattarar som Maria Gripe og Astrid Lindgren. Sistnemnde blir ofte oppfatta som eit slags lyn frå klár himmel med sine skildringar av autonome born – særleg jenter som Pippi og Ronja. Men ho står faktisk i ein samanheng.

Del siste åra har det dukka opp fleire nye

medium også på barnelitteraturen sitt område. Dette er også presenterte i boka. Ørjasæter skriv om serielitteratur, teikneseriar, fan-fiction, berlika e-bøker, lydmidler og ymse applikasjoner. Det er ein digital jungel der ute, som bratt kan koma inn på barnehjemmet, så der er god grunn til å freista orientere seg om feltet.

Ørjasæter er oppdatert. Ho har fått med dame som *The Urban Legend* av Josef Johannesh og Inga Sæters *Falleknikk*. Ho skriv og informativt om korleis dei nye applikasjonane vidareferer det som faktisk har vore kjennetil ved barnelitteratur i mange år. At bøma lever seg inn i handlinga og identifiserer seg med personane der. Endå meir blir sjølvsagt mogleg når lesaren kan påverka dei lesaren meiner skal henda. I samband med dette reiser Ørjasæter spørsmålet om kva som skjer med litteraturen når han blir avhengig av lesaren sine handlingar. Er det då framleis litteratur, eller er det spel?

Ulike metodar. Målen Ørjasæter fortel om dei ulike medieversjonane av same verk på, gjer ein medvitnen om kva for ulike metodar dei ulike versjonane bygger på. Då skjonar ein at det interessante spørsmålet ikkje er om boka eller filmen er best, men å sjå etter kva som kjenner tilknar måten dei er laga på, og kvifor det gjer ulike ting med deg.

Eg kunne ha ynskt meg endå litt meir om

kva dei ulike formata gjer med innhaldet, og på den språklege siden stussar eg litt iblant over nokre formuleringar som verkar som tydeleg omseit bokmål (til dømes «lesaren får sentral betydning», «eins eige erfaring» og «det aukar lesarens mogleghet»), men for det meste er dei imponerande kor godt språket flyt. Ørjasæter er også nøyde med å forklare når det her og der dukkar opp faguttrykk.

Mange vil dessutan gle seg over listene bak i boka, som både gjer det lett å finne ut kor Ørjasæter skriv om kva og kven, og sjå alle bokene ho har vist til.

Det viktigaste er likevel entusiasmen for

Det viktigaste er likevel entusiasmen for emnet, som strålar ut frå heile boka.

emnet, som strålar ut frå heile boka. Den gjer at ein får lyst til å stemme i med ja og amen når ho viser til samanhengen mellom kunstopplevning og overgangsritual. «Når teksten er lesen eller teaterstykket slutt, blir sanseinntrykka frå kunstverket omdanna til individuell erfaring, og ein er lite grann endra frå den ein var på førhand.»



Barnelitteratur: Gjennom den djupe forankringa i historie set Kristin Ørjasæter oss i stand til betre å forstå framvoksteren av forfattarar som Maria Gripe og Astrid Lindgren, meiner vår medar. FOTO: BODIL MARIE STAMPE THOMSEN